



Røyserett for Alle i jubileumsåret 2018.

**Svein Rimstad var i mange år skriver i Røyserett for Alle. Årsmeldingane hans var noko meir enn berre turre fakta om lagsdrifta. Frå programhefte til jubileumskonserteren på laudag tek vi med det Rimstad skriv i kortfom om oppstarten og utviklinga fram til det koret er i dag. Gjestekoret Rosendal songlag vert også omtala i dette innlegget.**



Koret på Stemneplassen 1989. Songgleda og den nasjonale fridomskjensla var stor.

### Røysterett for Alle

Blandakoret Røysterett for Alle vart til ved eit slumpetreff, høyr (les) berre:

Hausten 1987 vart det vedteke at kulturprisen skulle tildelast Bjørgulv Eik, Uskedalen. Kristian Bringedal og fleire med han tykte at her laut ein på eitt eller anna vis og gje ein lokal honnør til prisvinnaren. Bjørgulv hadde i lang tid hevda svært så hardnakka at bygda absolutt skulle hatt eit songkor att. Det vart då semje om at eit høveleg innslag i det minste laut vera å heidra han med firstemt song.

Rundt 15 kvinner og menn vart difor tromma saman til intens øving fram mot prisutdelinga. Folket rakk å øva så pass at innslaget ved kulturpristildelinga vart positivt, både for dei som høyrde på og for dei som song. I ettertid var det semje om at synginga hadde gjeve meirsmak. Det vart difor vedteke at her måtte ein berre setja i gang.

Eit intenst arbeid vart gjort med å få til framlegg til vedtekter, og skipingsmøte vart halde 19. mars 1988. Styre vart valt, namneframlegg stemt over, og blandakoret Røysterett for Alle vart eit faktum frå denne dagen.

I starten var me eit kor på snautt 20 - berre uskedelingar. Etter kvart har det kome til medlemmer frå vidt om: Frå Sunde til Løfallstrand – to medlemmer reiser til og med over fjellet frå Matre og Åkra for å vera med på øving og framføring. For tida har me rundt 30 medlemmer.

Som det går fram av plakaten til konserten, er røysteurna ein logo me nyttar ein del, og namnet vårt indikerer i tillegg at me tek imot interesserte songarar (røyster) med opne armar.

Me har vore med på ulike prosjekt opp gjennom åra, og har både reist og halde konsertar utanlands.

Til hausten står Polen for tur.

### Rosendal Songlag

Rosendal Songlag vart stifta i 1883, og er eit av dei eldste blandakora i Noreg. Medlemstalet har variert, men er no ca. 20-25.

Koret sitt overordna mål er å skapa interesse for god korsong og arbeida for musikalsk utvikling i eit sosialt miljø slik at koret kan stå fram som eit interessant kulturtilbod i lokalsamfunnet. Repertoaret skal vera variert, både profant og religiøst. Alle som har interesse for song og lyst til å syngja, kan verta medlem.

Koret har konsertar og deltek i arrangement i lokalsamfunnet. Dei siste åra har koret mellom anna samarbeidd med Hardanger Big Band og Jazzverket. Koret har og reist utanlands og hatt konsertar i Italia, Irland, Latvia og Polen, og i juni står Ungarn for tur.

Koret har gjennom åra hatt mange dirigentar, men dei siste 15-20 åra kan vi nemna Sjur Magnus, Dagfinn Reinertsen, Maria Malmsten og noverande dirigent Eva Megyesi.

Tekst/foto: Svein Rimestad/ Unni Nedrevåg  
Foto Røysterett for Alle 1989: Helge Sunde  
Nett: Kristian Bringedal



Gjestekor: Rosendal Songlag med sin dirigent Eva Megyesi.